

17/145498-8
450



RUSFRI TRAFIKK

Fellesprosjekt for MA-avdelingane i Sogn og Fjordane

- 5 DES 2017

Sandane, den 29 nov. 2017

Sogn og Fjordane avd. av MA –rusfri trafikk

v/nestleiar John Valør

Åslyvegen 20

6823 Sandane

Orgnr990 668 698

Kontonr: 3710 30 00085

Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Trafikktryggingsutvalet

v/Johannes Tubbene

Statens Vegvesen, Region Vest

Askedalen 4.

6863 LEIKANGER

SØKNAD OM FTU-MIDLAR TIL TRAFIKKSIKRINGSTILTAK I 2018.

Som gjort greie for i samtale med Johannes Tubbene har det i år vore krøll i systemet for produksjon av vestar. Vestane kom i god tid og først da eg starta utdelinga av vestane til elevane på Breim skule synte det seg at vestane vi hadde fått i år, ikkje var av rett storleik, sjølv om dei var merka M som tidlegare år. Eg varla da omgåande leverandør og fekk greie på at han hadde bytt produsent. Han var da ikkje klar over at storleiken på vestane var feil.

Etter avtale med leverandør har eg gjort freistnad på å vidareformidle sal av dei små vestane til halv pris til ulike organisasjonar i fylket med tilbod om å dele dei ut samstundes med utdelinga av refleksvestane til 5.klassingane. Dette har dei takka nei til i tur og orden av di vestane har

logoen til Fylkeskommunen, Trygg Trafikk og MA og ikkje noko «reklame» for dei.

Einaste råda er no å søke om kr 12000 ekstra og ta ansvaret for å dele dei ut til 2. eller 3. klassingane samstundes med utdeling av vestar til 5. klassingane.

Vidare betyr forsinkinga at vi ikkje vil vere i stand til å gjennomføre ordinær utdeling i løpet av 2017 da vestane enno ikkje er kome bortsett frå kommunane Gulen, Hyllestad og Høyanger som fekk utdelt dei vestane vi hadde som rest frå i fjor.

Dette kan da bety at vi må vente med utdeling av ordinære vestar til hausten 2018, og da dele ut til både 5. 6. klasse.

Ifølge GSI (GrunnSkulen Informasjonsystem) skal elevtalet for 5. klasse i fylket ligge på 1377 elevar:


Med utgangspunkt i dette tillet MA Sogn og Fjordane seg å søke om trafikktryggingmidlar for 2018, med same grunngjeving som i tidlegare søknader, slik:

1380 * 25,00	34 500,00 kr
1350 «ukurante» vestar til avtalt pris	12 000,00 kr
Administrasjon / utdeling	8 000,00 kr
Totalt:	54 500,00 kr

Eg gjer merksam på at vi for 2017 kjem til å bruke i underkant av 6000 kr mindre enn omsøkt for 2017 på grunn av omstenda som er gjort greie for ovanfor og som da vert tilbakeført Trafikktryggingsutvalet.

Sandane, den 29. nov 2017

Med venleg helsing


John Valør

-vestansvarleg-